

Helgahelning



Odda



Tyssedal



Skare



Røldal



Odda og Tyssedal sokn

Kyrkjekontoret i Odda

Almerket 17

Postadresse:

Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00

E-post: post@oddakirken.no

Nettadresse: www.oddakirken.no

Kontortid: tysdag til fredag 10.00 – 14.00

Sekretær Angunn Handegard Trå

Direkte telefonnr.

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05

e-post: soknepresten@oddakirken.no

Diakon Annlaug H. Engmark tlf. 53 65 09 06

mob. 481 76 830

e-post: diakonen@oddakirken.no

Trusopplærer Jannike S. Stave tlf. 53 65 09 04

e-post: pedagogen@oddakirken.no

Kyrkjeverje Liv Eirill Evensen tlf. 53 65 09 07

mob. 951 35 798

e-post: kirkevergen@oddakirken.no

Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09

e-post: kantoren@oddakirken.no

Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10

e-post: organisten@oddakirken.no

Kyrkjetenarar

Olav Andor Lono mob. 416 64 018

Jannike S. Stave mob. 950 06 055

Anne Marie Reistad mob. 917 79 772

Røldal og Skare sokn

Kyrkjekontoret i Røldal

Seimsv. 5, 5760 Røldal tlf. 53 64 71 40

E-post: soknepresten.iros@oddakirken.no

Sokneprest Arne Sveinung Nataas

Odda sokneråd

Leiar Anna Maria Kråkevik mob. 910 18 331

Røldal sokneråd

Geir Kåre Nybø mob. 906 26 963

Skare sokneråd

Leiar Steinar Tokheim mob. 958 71 277

Tyssedal menighetsråd

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

Odda kyrkjelege fellestråd

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

HELGAHELSING

Redaksjon:

Gunvor Stana Seljestad

Paweł Cabała - utføring

E-postadresse: helgahelsing@gmail.com

Send oss gjerne tekstar, bilete, mm.

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

Over Kedron

Over Kedron

kom tolv unge menn

i den svarte natt

-og en bar sverd ved lend.

De steg på glatte sten

og deres skygge gled

en for en

på Kedrons bølge,-

og den en kårde skar

med sin kalde klinge

en stålblank strek

i vannets speil,

det var Peter selv

som trådte feil.



Ved Kedons breidd

-ved dødens grense

var livets lovsang sunget,

nu var det korset

og den harde død

som skilte denne jord

i mørke og i nød

fra en ny i evig sol,

men Kedrons dype bølge

vil til alle tider

tolv natteskygger følge.

Diktaren Johan Falkberget går med diktet «Over Kedron» rett inn i den den aller første fasen av Jesu lidingssooge. Diktet sto i Morgenbladet 11.07.1922. Johannesevangeliet kap 18 v. 1– 37, og Matteus kap. 26 og 27. fortel detaljane om kva som hendte.

Jesus og læresveinane hadde gått over Kedron og inn i Getsemane. Her skjedde det fatale. Ein for ein av læresveinane gjorde feilsteg ved Kedon. Først var det Judas som sveik Jesus. Jesus tok med seg Simon Peter og dei to Sebedeussønene. Dei vart bedne om å vake medan han gjekk bort for å beda. Men dei klarte ikkje å halde seg vakne. Dette skjedde tre gonger. Endeleg var det Simon Peter som nekta for at han kjente Jesus. Simon Peter greip til våpen og hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde høgre øret av han.

Læresveinane sveik sin Herre og Meister da han trong dei mest. Jesus måtte bera sitt kors gjennom mørket og lide ein smertefull død før han kunne kome til ei ny (jord) jord i ”evig sol” som det heiter i diktet. Fleire av læresveinane somna på vakt, trass i åtvaringar. Ein ville, i strid med Jesu lære, gripe til sverd, og han som var Klippen, forneakta Jesus tre gonger. Og Judas var forrædar. Alle var skuldige, utenom ein som var uten skuld, nemlig Jesus, som måtte dø for å oppfylle Guds frelsesplan.

Tanken om ei elv som skil menneskelivet frå døden har alltid eksistert. For å kome over på den andre sida må ein gå over ei bru. I norrøn mytologi var det elva Gjoll eller Gjall, som skilde Hel eller dødsriket frå dei levande. Den lagnadstunge brua over dit var Gjallarbrua. Å gå på *helveg* eller gå *Gjallarbrua* var eit uttrykk at for at døden nærma seg. I gresk mytologi heiter grenseelva mellom livet og døden Lethe. Sjølv dødsriket var Hades.

I kristen tradisjon kan eg ikkje finne noko anna namn på ei elv med tilsvarende funksjon enn Kedron, som renn ein dal som er eit naturleg skilje mellom Oljeberget og byen Jerusalem.

Første gong Kedron er knytt til død er i 1.Kongebok. kap 2 v. 37: den dagen du drar over Kedon-bekken, må du dø” I alt er det 11 referansar til Kedron i Bibelen.

Framfor alt er bekken uløseleg knytt til Jesu lidingssooge, den aller første fase av ho, vandra inn i Getsemane. Det er denne forteljninga Falkberget freistar å levendegjøre i ”Over Kedron”.

Biletbruken er tradisjonell og kontrastrik. Her er både lys og mørke, liv og død. og «lovsanger synges fra en evig sol ved korsets seier over døden». Falkberget bekrefter altså sin stilling som ein lysets meister.

Harald Refseth

Kjelde: Johan Falkberget: Samlede dikt 2017

Jesus lever!

Av Ivar Gjerdi, pensjonist,
tidl. generalsekretær og misjonsledar
Preiketekst: Lukas 24, 1-9

Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp. Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea: 'Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.» Då kom dei i hug orda hans. Og dei gjekk bort frå grava og fortalde alt dette til dei elleve og til alle dei andre.

Alle dei fire evangelistane fortel at det var kvinner som kom til grava den fyrste dag i veka. Dei oppdaga at steinen var rulla bort, og at grava var tom. Og dei blei både forundra og forskrekka. Det at Jesus kunne ha stått opp frå dei døydde var nok ein utenkjeleg tanke for dei. Heller ikkje disiplane hadde forventa det. Og støkken blei ikkje mindre då dei fekk sjå to menn, som spurte, «Kvifor leitar de etter den levande blant dei døydde?» Då blei dei minte om det Jesus hadde sagt i Galilea, at han skulle lide og døy, men oppstå på den tredje dag. Kvinnene skundar seg tilbake for å fortelje kva som hadde hendt, men blir møtt med skepsis. Evangelistane har noko ulike framstillingar om den forvirringa som rådde, og kva kvinnene eigentleg hadde sett og høyr. Det Jesus hadde sagt om det som skulle skje hadde gått alle hus forbi. Oppstoda kom derfor fullstendig overraskande på alle.

Men Jesu oppstode står som noko av det viktigaste og mest sentrale i den kristne trua. Paulus skriv, «Men har ikkje Kristus stått opp, er budskapet vår tom, og tom er òg trua dykkar.» 1. Kor. 15,14. Oppstoda var det avgjerande provet for at Jesus var Guds Sønn. Ved at Gud reiser Jesus opp frå dei døydde viser han at han godtek forsoningsverket. Jesu død gir frelse

for alle som trur. Oppstoda viser òg at han for alltid har overvunne døden. Jesus seier det slik til Marta: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy. Trur du det?» Joh. 11,25-26.

Det er òg i dag det avgjerande spørsmålet. Jesus er oppstått og han lever! Det er ei viktig sanning òg denne påska. Han vil bu ved trua i hjarta våre. «Må Kristus ta bustad i hjarta dykkar ved trua og de stå rotfeste og grunnfeste i kjærleik.» Ef. 3,17. Dei som var fyrst ved grava er trusvitne og vegvisarar for oss til sanninga.

«Se, Herren lever! Salig morgenstund! Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn. Jubelropet runger; Frelseren er her! Pris ham, alle tunger; Kristus Herre er!»

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!» 1. Peter 1,3.



God og velsigna påske!

For dykk

PÅSKEANDAKT



Det stundar mot påske. Først kjem «den stille veka». Så kjem den store høgtidsdagen med glede og fest. For mange er det fridagar og familiefellesskap. Ikkje få er på hytte på fjellet eller ved sjøen. Andre av oss er heime. Mange er på tur. Og i påskeferien kan vi besøka kvarandre og vera saman. Og framom alt kan vi vera saman i kyrkja. For den er ikkje vanskeleg å nå uansett kvar vi er.

Påske er ei stor kristen høgtid. Og det rike påske-evangeliet er fokus. Alt det som hende med Jesus har med oss å gjera. Jesu påskevandring var «for dykk» - som han sa. Hans veg gjekk til Jerusalem via Oljebberget, inn i byen, til nattverds-salens fellesskap med læresveinane, inn i Getsemane, opp lidingsvegen til Golgata, gjennom død og grav til oppstoda.

I år legg eg særleg merke til pronomenet «dykk» i lidingssoga og påske-evangeliet. Under påskemåltidet seier Jesus: «Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk». Og vidare: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk.» Jesus seier også: «Del dette mellom dykk.» Vi legg merke til at det er fleirtal. Fellesskapet med Jesus er så sterkt.

Kven er inkludert i dette «dykk»? Svaret gjeld ikkje berre læresveinane. Kvar og ein som kjem til bords med Jesus er med i «dykk». Han er midt iblant oss som ein tenar. Du kan lesa om dette til dømes i Evangeliet etter Lukas kapittel 22. Jesus vil seia oss at både Skjærtorsdag og Langfredag er «for dykk».

På påskedag kjem dette «dykk» både frå Jesu munn og englemunn. Engelen seier til kvinnene ved grava: «Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Gallilea; der skal de få sjå han.» Matt 28,7. Den oppstadne seier sjølv: «Fred vere med dykk Luk24,36.

Påske gjeld deg og oss! Det er det store. Jesus seier også i sitt testamente – dåpsbodet/ misjonsbodet: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Matt 28,20. Det er Den gode hyrdingen som er med oss. Han som gav livet sitt for oss. Vi kan syngja og seia: «Du, Jesus, vandret våre trinn da alles død ble din.» (Nr 182 i Norsk salmebok)

Jesus kallar oss til takk, tilbeding og til å leva for kvarandre. Dørene i Jesu kyrkje er opne til fellesskap for alle som kjem. Jesus – den oppstadne inviterer.

Jostein Skutlaberg
prostiprest

Palmesøndag 25. mars: Gudstjeneste med påskemåltid Soknehuset kl. 17.00



**Velkommen til en annerledes gudstjeneste!
Det blir servering av middag som en del av
gudstjenesten med nattverdfeiring.**

Vi er en del av en utrolig historie. Guds historie. Helt fra skapelsen av har Gud vist sin miskunn. Han har vist at hans hånd aldri er for kort til å frelse. Av og til kan det virke som om vi i vår tradisjon nesten har glemt å fortelle historien, glemt å minne hverandre om røttene våre.

Påskemåltidet er en historiefortelling. Det er en måte å huske, gjennom ord og handling, og gjennom smak, lukt, hørsel og syn. Hver påske minner vi hverandre om frelsesverket, og når vi feirer påskemåltid blir vi del av en historie som går helt tilbake til utgangen av Egypt. Og det var under et påskemåltid at Jesus tok brød og vin og gav til sine venner. «Ta dette og ét det». «Drikk alle av den». «Gjør dette til minne om meg».

Vel møtt!

Vi ønsker gjerne påmelding innen onsdag **21. mars**.
Kirkekontoret tlf: 53 65 09 00. E-post:
post@addakirken.no





MENNESKE ER IKKJE TIL SALS

Ja, opplagt seier kanskje du. Menneske er jo det finaste Gud har skapt. Ingen er meir verdifull enn det! Likevel finnes det mange menneske som ikkje opplever at deira liv er verdsatt nok og respektert for den dei er. Menneske som oppleve at andre styrer over dei og fornedrar livet deira.

Slavehandelen var noko me høyrde om frå historia, men kva går føre seg i dag? Handel med menneske er vår moderne slaveri! Det vert rekna som den tredje største kriminelle industrien i verda. Millionar av menneske er offer for menneskehandel. Dette er eit aukande globalt problem. Denne kriminelle industrien råkar også mange born som vert utsett for grov utnytting og misbruk. Menneskehandelen er sterkt knytt til fattigdom. Mange familiar veit ikkje anna råd enn å selje borna sine til denne industrien dei veit lite og inkje om. Andre unge vert til dømes lokka som au-pair i rikare land. Når dei kjem fram visar det seg at dei har vorte fanga i eit kriminelt nettverk og vert tvungen ut i prostitusjon. No-reg er ingen unntak. Her kjem og jenter og gutar, menn og kvinner som er utsett for denne krimina-

liteten. Dei som kjenner til miljøet for dei prostituerte ser at det er fleire ulike folkeslag og alderen på desse menneska er vorte yngre og yngre.

«Kampen for rettferd» er ein av søylene i arbeidet med diakoni. Kyrkja vår, som er oss alle kristne, har eit særleg ansvar for å motverka all urett som vert gjort mot eit menneske. Det kan vera seg små saker eller globale saker som industrien med menneskehandel er. Gjennom å støtte organisasjonar som arbeidar mot menneskehandelen kan me vera med å motverke denne handelen. Det vere seg ulike misjonsorganisasjonar, UNICEF, Ung.no, Norsk Folkehjelp osv. . Regjeringa vår har og utarbeida ein plan i mot menneskehandel.

Ingen av oss menneske har rett til å misbruka andre menneske, utnytt dei som slavar og trua deira menneskeverd. I Bibelen kan me lesa at den som elsker Gud, elsker bror sin. Ein kan lesa meir i 1. Johannes brev kap. 4 om dette. Kjærleiken til Gud skal ikkje berre visa seg i kjensler til Han, men og til det beste for med -menneska våre. For Gud er alle menneske like mykje verd!

KIRKELEIR I TYSSSEDAL



**Er du mellom 10 og 15 år,
og har lyst til å bli med
på kirkeleir?**



Ungdom fra hele Odda kommune
blir med dette invitert til kirkeleir i Tyssedal **2. til 3. juni 2018.**

Planleggingen er godt i gang, og vi kan love masse ulike aktiviteter, fantastiske opplevelser og mye moro. Vi kan nevne dramagruppe, musikkgruppe og flere andre ting. God mat blir det selvfølgelig også. Vi overnatter i telt utenfor Tyssedal kirke, og bruker de fasiliteter kirken byr på.

Kirkeleiren avsluttes med ungdomsgudsteneste i

Tyssedal kirke søndag kl. 17⁰⁰.

Vi håper du har lyst til å være med.

Du melder deg på ved å komme innom eller ringe kirkekontoret i Odda på **tf. 53 65 09 00.**

Våre åpningstider er tirsdag til fredag fra 10⁰⁰ til 14⁰⁰

Esekielbrød

Esekiel levde mellom år 622-570 f.kr. Han var for det meste prest i fangenskap blant jødene som var ført bort til Babylon (nå en del av Irak).

Esekiels brød er beskrevet i Bibelen, som et brød profeten får pålegg fra Gud om å spise i 390 dager som et soningsoffer. Nå er brødet blitt en salgssuksess over hele verden.

Det spesielle med Esekielbrødet i forhold til andre brød er at det inneholder fullverdig proteinbasis som kan erstatte kjøtt, fisk og egg fullt ut. Dette er fordi det inneholder spirede linser og bønner i tillegg til spiret korn, en veldig gunstig sammensetning. -Med andre ord kan man trekke den slutningen at dette brødet inneholdt alt kroppen trengte for å være i perfekt balanse!

”Nå skal du ta hvete og bygg, bønner og linser, hirse og spelt, legge det opp i et trau og bake brød av det. Så mange dager som du ligger på siden, i tre hundre og nitti dager, skal du spise av dette.”

(Fra Esekiel 4, 9.)



Ingredienser:

70 g hel hvete (eller spelt)
70 g hel bygg
70 g hel spelt
140 g hvite bønner
140 g grønne linser
140 g hirseflak

Esekielbrød

Blir 3-4 brød.



Alt utenom hirsene legges i bløt i 10-12 timer. Vannet slås av. Skylles godt. Helles over i en langpanne. Skyll godt 2-3 ganger pr. dag i 2-3 dager.

Ha alt, også hirsene, i en foodprosessor, omtrent 3-5 minutter. Has over i en stor bolle, og bland i:

5 g gjær (ikke tørrgjær) løst opp i litt vann,
2-2,5 ss havsalt eller Himalaya-salt, Ca. 7 dl vann,

Ca. 2 kg siktet/sammalt hvete eller ca. 2 kg siktet / sammalt spelt. Hold av ca. ¼ av melet til utbakingen. Eltes godt. Settes til heving i ca. 8 timer. Eltes godt igjen og fordeles i 3-4 brødformer som er smurt med kaldpresset oliven- eller solsikkeolje. Etterheves ca. 2 timer. Settes inn i kald ovn. Stekes på nederste rille på ca. 180 grader i én til halvannen time.

«Sterkere enn døden»

KPK

Uttrykket «sterkere enn døden» har vore brukt om fleire ting. Det er vorte sagt både om menneskeleg mot og om kjærleik mellom menneske. Mest sant er dette uttrykket når ein brukar det om Jesus. Tre gonger les vi i evangeliet at Jesus vekker opp nokon frå dei daude. Vi kjenner forteljningane som «Jairus' dotter», «Sonen til enka i Nain» og «Lasarus». Jairus' dotter vart vekt opp frå dei daude medan ho enno låg på senga si. Sonen til enka i Nain vart vekt opp medan venene hans var i ferd med å føra han til grava. Lasarus vart kalla ut frå grava. Men aldri viste Jesus seg meir som overmannen til døden enn då han sjølv stod opp påskemorgon. Dei andre tre hendingane peikar fram mot denne, og alle dei tre som vart vekt opp, døydde seinare. Men Jesus lever og verkar framleis. Det gjer han så lenge verda består. Det er ikkje berre ein påskebodskap. Det er eit evangelium for kvar einaste dag, kvart einaste år.



ann Gud - sant menneske

Jesus er både sann Gud og sant menneske. Dette kjem på særleg måte fram gjennom det som hende i påska. Då Jesus stansa i Getsemane-hagen vart han gripe av «sorg og gru» (Matt 26) Mennesket Jesus kjende på dei kreftane som riv i oss i møte med synda og makta til døden. I denne kampen bad han den himmelske Faren sin om å få sleppa å gå vidare på den tunge vegen.

- Er det mogleg, så la dette begeret gå meg forbi, bad han.

Men Jesus er òg sann Gud. Han visste at han måtte gå heile løpet ut for å fullføra frelsesvegen for menneskeætta. Difor slutta ikkje Jesu bøn med eit rop om å få sleppa, men at Guds vilje måtte fullførast.

- Ikkje som eg vil, berre som du vil, bad han.

For skulda vår vart Jesus lydig heilt til døden. Han er redningsmannen som kan føra mennesket tilbake til felleskapet med Gud.

KPK

LysVaken i Odda kyrkje

LysVaken er eit arrangement for 11-åringar i Tyssedal og Odda. 25.-26. november hadde vi ei flott helg med glade born! Det var den viktigaste budskapen som vart formidla, budskapen om at Jesus Kristus alltid er der for oss og at vi er i hans varetekt. Denne gongen hadde vi vore så heldige å få med oss fem ungdomsleiarar som var med oss heile helga for å hjelpa til. Det var veldig kjekt for oss alle. Dei hadde mange oppgåver i løpet av helga.

Samlinga på laurdagen hadde eit variert program med refleksjonar om Jesus Kristus og at Gud alltid er lys vaken for oss. Vi hadde leikar og festmåltid med taco. Ungdomsleiarane fekk ansvar for leikane og det vart stor suksess! Soknepresten vår, Margrethe, hadde undervisning for oss om «Kristuskransen». Alle deltakarane fekk dette bønearmbandet med mange flotte perler med symbolsk innhald.

Borna syntes det var kjekt å få overnatta i den fine kyrkja vår. Vi lærte fleire fine songar og feira gudsteneste saman på sundagen, etter at vi hadde ete ein god frukost på soknehuset i Odda. Borna var flinke medarbeidarar i gudstjenesta. Dei dramatiserte bibelforteljinga om då Jesus kom ridande inn i Jerusalem og heile folkehopen hylla han som konge. Borna hadde øvd på lystenning under forbøna. Dei var svært flinke! Fint at foreldre og besteforeldre tok turen til kyrkja for å være med oss.

Kjekt å feira LysVaken med dykk!

Jannike Starefoss Stave
trusopplærar



Flyktningen som ble hjelpearbeider

– Vann er selve livet, sier Innocent Nigindu. Han flyktet med familien fra en blodig konflikt i Kongo. Nå er han en stor ressurs for Kirkens Nødhjelps arbeid i flyktingleiren der han endte opp.

– Uten vann finnes ikke noe. Vi trenger det til å vaske oss, lage mat og drikke, så den jobben jeg gjør her er jeg virkelig stolt over, smiler Innocent.

Navnet hans betyr «uskyldig», men det er ingen uskyld å finne i flukthistorien hans. Først måtte han flykte da soldater kom til byen der han jobbet. 85% av de som var i byen ble drept, hevder Innocent.

Han flyktet mot byen der han og familien bodde, men etter to dager kom soldatene også dit. Det skulle vise seg at den beste løsningen var å flykte til nabolandet Angola, litt lengre sør i Afrika.

Koordinator i flyktingleiren

Til slutt havnet han og familien i flyktingleiren Kakanda der Innocent etter hvert fikk seg jobb som koordinator for Kirkens Nødhjelp. Nå passer han på at vannet alltid er rent, at søppelet blir tømt og at toalettene blir vasket.

– Jeg får brukt evnene og erfaringen min til å hjelpe, og det er flott å kunne støtte Kirkens Nødhjelp. Jeg er kristen, og for meg er det viktig å kunne hjelpe andre med de evnene og midlene jeg har for hånden, sier Innocent.

Han får en liten lønn for jobben han gjør, men mye av drivkraften er lysten på å gjøre noe godt for andre. Han vet bedre enn de fleste hvor viktig rent vann er, for under flukten var det ofte at han ikke

kunne drikke. Og som mange andre i leiren har han vært syk fordi han har drukket urent vann.

Innocent er en av mange som hver dag jobber for Kirkens Nødhjelp. I landsbyer, byer, flyktingleirer og kriseområder i en rekke land rundt om i verden jobber Kirkens Nødhjelp for å sikre tilgang til rent vann, trygge toaletter, energi og mye annet. For at maskineriet skal fungere trenger man helter som Innocent.

Avhengig av hjelp for å hjelpe

Men for at maskineriet skal fungere trengs det også hjelp fra norske frivillige. Folk som ikke er på flukt, men som i likhet med Innocent har et engasjement og kompetanse til å gjøre en forskjell. Hvert år er tusenvis av slike frivillige med på å samle inn penger til Kirkens Nødhjelps arbeid gjennom Fasteaksjonen.


Og det er nettopp disse pengene som gjorde det mulig å starte opp arbeidet i Nord-Angola, raskt og effektivt. For Innocent og over tusen andre flyktinger i leiren har det vært livsviktig hjelp.

Også i år skal frivillige over hele Norge være med på å samle inn penger til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som redder liv rundt om i verden. Også du kan bidra når menighetene i Odda, Tysse-dal, Skare og Røldal skal gjennomføre årets aksjon, enten ved å være bøssebærer eller å støtte aksjonen.

Innocent Nigindu elsker jobben sin i flyktingleiren i Dundo i Angola. Han er selv flyktning fra Kongo, og setter pris på å kunne jobbe for Kirkens Nødhjelp med å hjelpe andre som har flyktet fra samme konflikt.



Lampekryssord



Vannrett:

1. En McCartney
4. Hjemmearbeider
6. Olympiske Leker
7. Fundere
11. Unni Dāvøy
12. Par 13. Jentenavn
14. Jentenavn
15. Anmode

Loddrrett:

1. Skrivebord
2. Svensk by
3. Skrattet
4. Toppen
5. Møbel
8. Jernbanen
9. Ledd
10. To like



SMÅBARNSKAFÉ

Torsdager kl. 10.30 - 13.00 på soknehuset v/ Odda kyrkje. Barn under skolealder med foreldre, besteforeldre eller dagmamma er hjertelig velkommen.

Vi kommer til å leike, synge og ha en hyggelig stund sammen.

Ta med nistepakke, vi holder drikke.

Lurer du på noe, kontakt kontoret 53 65 09 00



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA
Odda sokn



Misjonslaget i Røldal 2018

Onsdag 18. april kl. 11.00 - 13.00
i kyrkjestova.

Småbarnsong (0-3) i Røldal våren 2018



Tirsdag i kyrkjestova

17. april
kl. 17.00 - 18.00

KONTAKTPERSON:
Liv Karin Larsson,
mob: 476 18 491

Tida i Odda



Då eg vart beden om skriva litt i Helgahelsing etter tida mi i Odda, såg eg at det snart er gått 10 år sidan me kom hit. Tida går fort, men likevel tykkjer eg at det er lenge sidan. Eg kom fyrst åleine ei tid. Eg fekk vera vikar etter at Pål Dahle hadde flytta. Det var sommaren 2008, og eg budde i ei av blokkene oppe på Eide. Men etter ei tid vart eg tilsett og me flytte inn i Kriken. Me var nett komne heim frå Singapore der eg hadde vore sjømannsprest i 3 år. Før det hadde eg vore prest i Sør-Hålogaland i 20 år. Då me kom heim frå Singapore hadde eg ikkje noko nytt å gå til, så det høvde godt at Odda trong ny prest! Me kjende ikkje meir til Odda enn folk flest som kjører gjennom staden, og det var dei som kunne fortelja kor lite triveleg det var der inne, inst i fjorden med høge fjell på alle kantar. "De kjem ikkje til å vera lenge der!"

Men Odda har verkeleg vore ein trivselstad for oss! Dei høge, flotte fjella, dei bratte liene, fjorden og alle dei fine stadene langs med han - det er noko av det finaste me har i landet vårt! Og eg har vore oppe på dei fleste nutane ikring, verkeleg sett meg omkring og kjend gleda over å kunna høyra litt til her! Kontrasten frå Singapore var sjølsagt stor både med tanke på natur og klima og menneskemylderet der, men etter 3 år i verdsbyen, med klam varme, heit sol, mest dagleg torever og troperegn, kjentes det godt å koma heim - og koma til Odda. Me vart ynskte velkommen!

Det viktigaste om ein skal trivast ein stad, er om ein vert kjend med folket som bur der. Odda er ein spesiell stad der folk har sine røter frå mange forskjellige kantar av landet. Eg har frå fyrste dagen lika meg svært godt mellom oddingar. Som prest har eg møtt mange i forskjellige samanhengar og i forskjellige aldrar, i vanleg dagleg liv, i høgtid og glede, og i sorg og fortvilning. Eg ser med glede tilbake på alle møta med barnehagar og skuleklassar. Eg tenkjer særleg på 2. klasse som kvart år lagar fine påskebilete til kyrkja, og 3. klasse som har vore med på Berjaflot og snakka om død og sorg. Kyrkja har hatt eit svært godt samarbeid med skulen i Odda. Så har det vore eit privilegium å verta kjend med alle dei unge i konfirmasjonstida, og foreldra som har kome til kyrkja med dei minste til dåp.

Eg tenkjer og på alle dei eldre eg har møtt i Odda, dei eldste på sjukeheimen, omsorgsenteret, Bokko og Mjøstølen, og alle dei som har fylt soknehuset på dei hyggelege treffa der!

Men eg trur nok at det som har sett dei djupaste spor hjå meg er alle møta omkring gravferdene. No når eg skriv dette, er det like før Allehelgensdagen og også dette året skal me lesa 70-80 nye navn på minnegudstenesta på Berjaflot. Veggen opp til Berjaflot er tung for alle, og nokon har mest ikkje greidd å gå han. Men me slepp ikkje unna sorg og sagn. Heldigvis kjenner me ofte takksemd når me er samla til gravferd. Me tek avskjed med kjære som har fått bety mykje for oss. Men det er ikkje alltid slik, mange gonger er det forferdeleg tungt, og me skjønar ikkje meininga med det som skjer.

Eg fekk og vera prest på Odda sjukehus og hadde mange sterke møte med både pasientar, pårørande, og dei som arbeider der. Det er då ein lærer noko om livet!

Det var helsegrunnar som gjorde at eg måtte slutta i Odda litt før eg vart pensjonist. Men etter det, og etter vellukka operasjon på Haukeland, kvikna eg til, så nå har eg som pensjonist dette siste året fått vera mykje i Hardanger att. Sjølv om me har flytta til Stavanger har dei kunna bruka meg som vikar i Ullensvang. Det har vore like fint kvar gong å koma ned Oddadalen til Odda og køyra utover fjorden til Ullensvang. Og så har eg vore heldig og kunna ta inn i "huset vårt" i Kriken når det har høvd slik!

Gudstenestene har for meg heile tida vore det det eg har lagt mest vekt på, og gledd meg mest over. Me har hatt mange fine gudstenester i Odda og Tyssedal. Nokre gonger har kyrkja vore full, andre gonger har få vore til stades. Men gudstenesta er ikkje bare for dei som er til stades, den er for heile staden. Eg trur at me har noko i kyrja som er så viktig for oss. Me vert lett opptekne av ting som ikkje varer og som ikkje held når det røyner på. Eit gamalt bibelord bed oss gå dei gamle stigane, veggen til det gode, Og veggen til det gode er å bera med seg det gode gudsordet, og leva etter det. Me trur at det er ein som veit om oss og vil gå med alle dagar.

Eg vil gjerne nytta høvet til å takka alle eg har samarbeid med, alle som har sete i sokneråd og nemnder, og alle eg elles har møtt gjennom desse åra. Eg er veldig takksam for å ha fått vera prest i Odda, og bed om Guds signing over folk og stad!

Beste helsing *Lars Bernhardt Ølberg*

HØGTIDSVERKSTAD I RØLDAL



Vi førebudde oss til jul saman på dette kjekke arrangementet 2.-3. desember, første helga i advent. Store og små koste seg.

Formidling av juleevangeliet stod naturleg i sentrum. Me hadde gudstenesteverkstad kor nokre av borna laga fine kors til gudstenesta neste dag. Barna spelte dokketeater på samlinga. Det var mange ulike hobbyaktivitetar å velja mellom. Vi laga Jesusbarnet i krybba og forskjellig julepynt og kort til familie og vener. På ein stasjon vart det laga små englar. Borna laga dørkransar av gran også. Vi fekk servert nydeleg risgraut, og så var det spanande med utlodding. Familiegudstenesten på sundagen vart flott. Borna spelte dokketeater og gjekk i prosesjon med korsa som vart laga. Takk alle saman – for ei fin adventshelg i Røldal!

Jannike Starefoss Stave - trusopplærar



Velkommen til verden, velkommen til dåp!

Fra generasjon til generasjon har vi båret barna til dåpen. Den kristne troen som foreldrene selv vokste opp med og som betydde noe for dem, føres videre til egne barn.

Når vi bringer barna våre til dåpen i dag, stiller vi oss i rekken av mennesker som har opplevd det verdifulle ved en kristen tradisjon og tro som basis i livet.

Når et barn blir båret til dåp, blir vi minnet om at ingen kan bære seg selv. Og gjennom dåpen blir vi del av et fellesskap som strekker seg over hele verden – gjennom alle tider. Det er en markering der barnet har alle sine viktigste støttespillere rundt seg, og der Gud lover å følge barnet alle dager.

Når vi har dåp i kirken synger vi ofte denne fine dåpssalmen:

*Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet.*

*Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender.
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.*

*Fylt av undring er vi i din nærhet!
Du som bærer verdensrommets dybder,
venter på de små og tar imot oss.*

*Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,
er vi født på ny til liv i Kristus,
til et åpent liv i tro og tillit.*

*Og ved tidens grense lever fortsatt
dine løftes-ord ved døpefonten,
dåpens lys forblir når livet slukner.*

*Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede!*

*Svein Ellingsen
Nr 586 i Norsk salmebok*

Når barnet blir døpt, blir det medlem i Den norske kirke og en del av fellesskapet i menigheten der man bor. Kirken vil inkludere barnet i trygge og gode aktiviteter der det blir kjent med Gud, seg selv og andre. Barnet vil derfor jevnlig få invitasjoner til ulike arrangementer og kjekke tiltak som skjer i kirken.

Med stor glede ønsker Røldal, Skare, Tyssedal og Odda menigheter barnet deres velkommen til dåp!

Innmelding til dåp kan gjøres elektronisk på kirkens hjemmeside: oddakirken.no, eller ved å ta kontakt med kirkekontoret tlf. 53 65 09 00.



Kommunesammenslåing – også i kirka

Sammenslåing av kommuner fører automatisk til sammenslåing av fellesråd, da det etter loven kun skal være ett fellesråd i hver kommune.

De tre kirkelige fellesrådene Jondal*, Odda og Ullensvang skal bli til ett fra 01.01.2020. Gjennom 2018 og 2019 vil det bli kjørt et sammenslåingsprosjekt med utgangspunkt i en kirkelig fellesnemnd som er satt sammen av representanter fra de tre fellesrådene, en geistlig representant og en representant fra kommunal fellesnemnd. Et partssammensatt utvalg er også satt ned, dette består av medlemmene i fellesnemnda pluss tre ansatte, ett fra hvert fellesrådsområde.

Fellesnemnda skal blant annet gjennomgå avtaler og felles løsninger for drift som resultat av en sammenslåing. Ett av målene ved prosjektet er å skape en sterkere organisasjon ved å ha flere ressurser å spille på samlet. De ulike fagområdene innen kirka bør komme styrket ut. Det nye fellesrådet skal forvalte 8 kirker – og støtte opp under en rik og variert kirkekultur i soknene.

Tida vi nå går inn i vil være viktig for å ruste en god organisasjon som tar hensyn til de verdiene og oppgavene kirka skal forvalte, til det beste for soknene og medlemmene våre.

Fra 01.01.2020 heter det Ullensvang kirkelige fellesråd.

* Sokneråd med fellesrådsfunksjoner



tlf. 02002



tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

FARGERIKE

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80

torkelsen@fargerike.no



Sentralbord: 53 65 05 00

www.odd Energi.no



Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99

53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50

fax 53 64 23 81

www.digraanes.no



ODDA MEKANISKE VERKSTED AS

Postboks 144, 5751 Odda

post@omv.as tlf. 53 64 00 40



VD ENGINEERING AS

Postboks 392, 5751 Odda

Hardanger Folkeblad
- først og fremst

tlf. 53 65 06 20



tlf. 55 09 28 88

Odda Rutebuss AS



Tyssedalsvn. 8 - 5750

1Odda

tlf. 53 64 18 65

fax 53 64 23 91

Røldal Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656

Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid
Stillasutleige - Vedsal



Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.

www.odd a.kommune.no



EIN STABIL OG TRYGG BANK

AVD. ODDA - 53 64 95 00



tlf. 53 00 44 24



tlf. 53 64 56 12



HARDANGER BILSKADESERVICE

OPPRETTING - LAKKERING - SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22

EUROSKO
ODDA

Nederst i Gågata

tlf. 53 64 10 12



tlf. 53 64 80 80

post@hoyer-odd a.no



Røldal - tlf. 53 64 71 26

Kryssordløsning:

Vannrett: 1. PAUL 4. HUSMOR
6. OL 7. TENKE 11. UD 12. TO
13. ASNE 14. ELLA 15. BE
Loddrett: 1. PULT 2. UMEA 3. LO
4. HODE 5. STOL 8. NSB 9. KNE
10. EE



tlf. 53 64 16 44

Steinar Tokheim

Byggn.tekn.kons.

Skare

stokheim@online.no

mob. 958 71 277

Einar Reisæter AS

elekt. forretn. install.

Eitrheimsv 1, 5750 Odda

tlf. 53 64 13 33

Ønsker du å ha annonse i Helgahelsing?

Ta kontakt med kirkekontoret!



Konfirmantar

- 2018 -

Odda - lørdag 28. april kl. 12⁰⁰

Ane Eide Abelsen
Sindre Freim Eide
Lars Viskjer Eide
Sindre Eike
Karl Sivert Gravdal Elton
Sander Akse Faugstad
Sander Granheim Gavle
Martin Hauge
Arild Haugland
Heidi Lothe Kysnes
Helene Bårtvedt Leonhardsen
Mia Kvile Nes
Anna Brøto Nå
Halldor Øyre Opedal
Hedda Naasen Riise
Sivert Rogne
Julie Finseth Rongve
Solvor Flaten Sandvin
Stine Skjeldås
Håvard Opedal Torsnes
Aksel Folkvord Traa
Heine Damsgaard Ystanes

Odda - søndag 6. mai kl. 11⁰⁰

Lena Pedersen Bu
Sina Gustavson Graue
Kristin Halland
Anette Sæterdal Læg Reid
June Læg Reid
Andreas Høyland Moss
Dan Pedersen
Jonatan Rygg
Daniel Nikolas Saga
Helena Andersen Ström
Sara Holven Svan
Karina Seljestad Tveito
Christian Ragnar Ricardo Laate Brito

Odda - søndag 29. april kl. 11⁰⁰

Marcus Instanes Berg
Lars Borge
Jon Olsen Hjørnevik
Mikkel André Hildal
Elias Trones Jåstad
Eline Lillestraum
Joakim Osmo
Martin Sørum Torvund
Maren Måkestad Tvedt

Tyssedal - søndag 29. april kl. 11⁰⁰

Alexander Rånes Hagen
Tori Weum Hauge
Silje Karlsen
Sander Fedje Kvam
Stine Sofie Ludvigsen

Skare - søndag 6. mai kl. 11⁰⁰

Idunn Grønnestad Espeland
Malin Nordbustad Hauge
Håvar Øyna Løyning
Henriette Sekse
Eivind Skare Thygesen

Røldal - torsdag 10. mai kl. 11⁰⁰

Stina Bratteteig
Stig Hagen
Mona Hagen
Helge Jordebrekk
Inge Jordebrekk
Even Tufte Lerer
Jenna Lynghammer
Madli Must Nybø



Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

Odda

<i>Martin Opheim Hansen</i>	f. 1994
<i>Birgit Heggøy</i>	f. 1929
<i>Siv Ellingsen Krogstad</i>	f. 1961
<i>Ingjerd Olaug Nordlund</i>	f. 1917
<i>Jenny Alise Fjelde</i>	f. 1933
<i>Kenneth Hagen</i>	f. 1947
<i>Anna-Lilja Jonsson</i>	f. 1987
<i>Olav Ingmar Digranes</i>	f. 1937
<i>Kristi Sofia Helleland</i>	f. 1925
<i>Rolf Sørnes</i>	f. 1922
<i>Arnt Røthe Gustavson</i>	f. 1943
<i>Torhild Sleire</i>	f. 1942
<i>Helga Andersen</i>	f. 1924

Røldal

<i>Agnes J. Oppistov</i>	f. 1919
<i>Astrid Tordis Lone</i>	f. 1931
<i>Kåre Skeie</i>	f. 1927

Skare

<i>Torbjørgh Guddal</i>	f. 1933
-------------------------	---------

Døypte

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar
så lenge verda står. *Matt.28,20*

Odda kyrkje

04.02.2018 *Herman Skjerven Hernes*
04.02.2018 *Alfred Ferrer Haavik*

Skare kyrkje

21.01.2018 *Iver Rudi Jacobsen*
18.02.2018 *Tobias Holen*

Vigde

Røldal kyrkje

16.09.2017 *Lars Petter Gullaksen og Anna Sofia Sjøgren Vaage*
30.09.2017 *Magnus Mellbye Larsen og Kirsten Marie Søvde*

Tyssedal kirke

28.10.2017 *Morten Iversen og Monica Søreide*

GUDSTENESTELISTA

25. mars - Palmesundag

Odda kyrkje kl. 11.00

29. mars - Skjærtorsdag

Tyssedal kirke kl. 11.00

Skare kyrkje kl. 19.00

30. mars - Langfredag

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 19.00

1. april - Påskedag

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

8. april - 2. søn. i påsketida

Odda kyrkje kl. 11.00

15. april - 3. søn. i påsketida

Røldal kyrkje kl. 11.00

Tyssedal kirke kl. 18.00

Samtalegudsteneste konfirmanter

19. april - torsdag

Odda kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste konfirmanter

22. april - 4. søn. i påsketida

Skare kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. 4-års- / 6-årsbok.

28. april - laurdag

Odda kyrkje kl. 12.00

Konfirmasjon

29. april - 5. søn. i påsketida

Odda kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

Tyssedal kirke kl. 11.00

Konfirmasjon

Røldal kyrkje kl. 11.00

1. mai - mandag

Odda kl. 11.30

Gudsteneste på Smelteverkstomta

2. mai - onsdag

Skare kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste konfirmanter

6. mai - 6. søn. i påsketida

Odda kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

Skare kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

Røldal kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste konfirmanter

10. mai - Kr.Himmelfart

Røldal kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

17. mai - torsdag

Røldal kyrkje kl. 11.00

Odda kyrkje kl. 11.30

20. mai - Pinsedag

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

21. mai - 2. pinsedag

Skare kyrkje kl. 11.00

Tyssedal kirke kl. 11.00

27. mai - treenighetssøndag

Odda kyrkje kl. 17.00

3. juni - 2. søn. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00

Tyssedal kirke kl. 17.00

10. juni - 3. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje-kl. 11.00

17. juni - 4. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

Skare kyrkje kl. 17.00

24. juni - St. Hans

Røldal kyrkje kl. 11.00

Røldalsmarknad

Tysdagsbøn
i Odda kyrkje kl. 12.00



Ynskjer du hjelp til å koma deg til kyrkja i Odda når det er gudstenester der?
Fredagen
før gudstenesta
innan klokka 12.00:
Ring Odda kyrkjekontor **53 65 09 00**



Kyrkjeskysen i Røldal



ring **95 95 11 11**

Fellesbøn

(økumenisk bøn)



på Soknehuset
kvar laurdag klokka 10

Kirkens SOS

FORTVILET?
Ring Kirkens SOS
22 40 00 40



ODDA

TRYKK & REKLAME

Postboks 253 - 5751 Odda
tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30

www.oddatrykk.no

Det kan verta endringar - sjå etter i HF om fredagen